Flaskeinnsamling til skuletur.

24.04.2015

Kjekke elevar håpar flaskepant bergar skuleturen.

Ekskursjonar og skuleturar har tradisjon som ein viktig del av innhaldet i skulen. Det meiner også foreldra og elevane i 6.klasse i Uskedalen. For å finansiera tur til Bergen i slutten av skuleåret, vil dei i neste veka organisera ei innsamling av panteflasker som dei håpar blir så innbringande at den Bergensturen dei har gledd seg til, kan verta ein realitet.

Eg tok ein prat med 5 av dei 13 elevane i klassen, og dei fortalde at dei i neste veke kjem til å dela bygda mellom dei 13 elvane, og så har dei ansvar for kvar si rute i samarbeid med foreldra sine.
- Vi håpar at folk samlar opp flasker slik at vi får inn mykje, og at Bergens-turen vert sikra, sa dei 5, og viste tydeleg at denne turen har dei gledd seg til, og den betyr mykje for heile klassen.
- Vi blir veldig lei oss om det ikkje vert Bergens-tur, uttrykte Jostein Soldal, og dei 4 andre nikka samstemt og var tydeleg einige.

Då det ikkje er sikkert dei når alle husstandane, ber dei om at dei som har mykje flasker liggjande, kan ringja eller senda SMS til 977 08 567.

Elevande fortel også at dei har gjort andre ting for å skaffa pengar til klassekassen. Dei selde m.a. nokre krukker under julegrantenninga, har hatt kantine og så fortel dei at dei satsar hardt på å vinna premien på 750,-kr i turkonkurransen på skulen, men der ventar dei knallhard konkurranse av 5. klasse. Elles har dei også andre planar.

Til slutt ber elevane meg om å sei at dei blir svært takksame for alle flaskene dei får, og eg legg til at dei vert heilt sikkert godt mottekne.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland